



Årsmelding
Skigruppa
Osterøy Idrottslag
2017



MED I STYRET 2017

Björg Olaus Braathen Reigstad	Leiar	Valgt for 2017
Robert Skjerping	Nestleiar	Valgt for 2017-2018
Bernt Johan Flæsland	Kasserar	Valgt for 2017-2018
Herdis Helle	Skriver	Valgt for 2017-2018
Torstein Mjelde	Styremedlem	Valgt for 2016-2017
Johnny Mostraum	Styremedlem	Valgt for 2017-2018
Emil Hosøy	Styremedlem	Valgt for 2016-2017
Åge Myking	Styremedlem	Valgt for 2017-2018
Ann Marit Hammer	Varamedlem	Valgt for 2017
Ståle Daltveit	Varamedlem	Valgt for 2017

VALNEMD

Marit Brakvatne Mjelde, Leiar

Rune Refsnes

Elisabeth Ødegård

STYRETS ARBEID

Styret har hatt 4 styremøte og handsama 29 saker.

Alle møter har vore haldne i skihytta på Rolland. Det er alltid godt oppmøte på styremøta i skigruppa.

Representantar frå styret har i år også delteke på det årlege vårmøtet og haustmøtet som vert arrangert av Hordaland skikrins.

Styret har organisert fleire inntektsgjevande dugnader.

Opprigging / nedrigging av telt og vakthald på Osterøymarknaden i Lonevåg.

Dugnad i Haus

Skigruppa arrangerte i år også ei treningssamling, ei helg i mai for våre eigne utøvarar med sosial samankomst laurdag kveld. Svært godt frammøte og alt rundt samlinga føregjekk på Osterøy.

Skigruppa arrangerte som tidlegare år krinssamling for juniorløparar / langrenn i Hordaland. Samlinga vart arrangert i juni og 27 utøvarar deltok. Overnatting på Valestrand skule. Trenerane var våre eigne. Vi hadde også fått Hilde Aasheim til å ha foredrag om kosthald og ernæring. Dette var svært interessant. Det vart lagt ned mykje dugnadsarbeid denne helga. Samlinga gav gode inntekter til gruppa, og vi gav eit godt tilbod til juniorløparar i Hordaland skikrins. Vi fekk svært gode tilbakemeldingar både sportsleg, sosialt og på mat av ypperste klasse.

Skibasaren vart i 2017 halden for sjuande året på rad. Basaren var i november med førhandsalg av loddbøker 5-6 veker før sjølve basaren. Basaren vart arrangert av Basargruppa / mødre i skigruppa. Medlem av gruppa er med i styret. Dette er den største dugnaden skigruppa har og den gjev svært gode inntekter til gruppa.

Rulleskirenn, Skigruppa arrangerte i august for andre gang rulleskirenn. Rennet vart halde ein søndag med start og målgang i Haus sentrum. Deltakartalet var dobla frå forrige året. Mange positive tilbakemeldingar om eit godt arrangert renn og ein artig og publikumsvennlig trasee. Kafe var også organisert .

Det har vore fleire laurdager utover hausten med dugnad i løypa, medrekna skifting av lys.

Styret har tett kontakt med trenerane, to er med i styret.

Bekledning, det er utforma og kjøpt inn sumarbekledning. Dette har ikkje skigruppa hatt tidlegare. Det er også bestilt inn vinterbekledning i samme design og nye konkurransedresser.

Emil Hosøy er blitt trenar for det nye kretslaget / seniorar i Hordaland skikrins. Han er med på noen av våre treningar, når han har høve til det.

2 styremedlem er med i komitear til 100 års jubileet / Osterøy IL.

AKTIVITET / REKRUTERING

Skigruppa har omlag 100 medlemmar.

Det vart ikkje arrangert Lysløypecup i 2017 pga snømangel.

Vi ser at en del av rekrutteringa vår skjer via Lysløypecupen og snørike vintrar.

Det har vore rulleskitreningar kvar laurdag sidan mai og fjellturar på søndagar.

Barmarkstreningar i lysløypa frå hausten av, ekstra rulleskitreningar på torsdag og styrketrening i Osterøyhallen kvar onsdag for 13+. Det har vore godt frammøte på treningane. Nokre få nye har byrja.

Vi hadde fleire utøvarar med på sumarskiskule i Meråker.

Våre utøvarar deltek på krinssamlingar i Hordaland både for juniorar og 13-16 år.

På den årlege Haustcampen på Voss for 12-16 år hadde vi også deltakarar med.

Vi har ein utøvar på toppidrett Voss på 3. året. Ein junior til byrja på Voss toppidrett, 2 juniorar byrja på NTG Geilo / langrenn.

Anders Brakvatne Mjelde blei tildelt ein hederspris/ Jubileumspokal frå skiforbundet. Den deles ut kvart år, i kvar krins, ein til kvart kjønn, uavhengig av grein. Ein vandrepokal og ein miniatyr pokal til odel og eie. Hedersprisen vart delt ut på skitinget i Myrkdalen 6 mai. Han fekk denne for at han er ein positiv og pliktoppfyllande kar som har bevist at det er mogeleg å få mykje idretts glede sjølv om ein ikkje er blant dei som alltid står øverst på pallen. Han er alltid på trening i egen klubb og på skigymnaset. Han stiller alltid med godt humør og pågangsmot. Han gler seg over andres prestasjoner.

Eirik Brakvatne Mjelde, Lars Braathen Reigstad, Johnny Mostraum, Torbjørn Småland og Emil Hosøy er trenarane til skigruppa. Det er ei veldig bra trenargruppe og det er alltid fleire trenarar på kvar trening, renn og treningssamlingar. Dette skapar eit godt treningsmiljø. Emil Hosøy holder på med trener 3 utdanning via Noregs Skiforbund.

Serviceteamet , Øivind Aasheim og Bernt Johan Flæsland er faste smørjarar. Dei stiller opp på kvart einaste renn i Hordaland. Dei fylgde løparane våre på Hovedlandsrenn og Ungdommens Holmenkollrenn. Dei er også med på nasjonale renn som smørjarar for Hordaland skikrins. Dei gjer ein fantastisk jobb og har svært høg kompetanse.

RESULTAT

Vi har deltakarar på alle renn som vert arrangert i Hordaland skikrins og er framleis ein av dei klubbane som har flest deltakarar med.

En del av våre utøvarar deltar også på renn i Buskerud skikrins.

Vidare deltek vi med løparar på Norgescup for juniorar / seniorar og NM for juniorar / seniorar, samt på Hovedlandsrennet for 15-16 åringar og Ungdommens Holmenkollrenn.

Elias Mostraum og Torjus Refsnes representerte Hordaland skikrins under Ungdomsstafetten i Holmenkollen for 15 og 16 åringar.

Blinkfestivalen, her deltok 5 utøvarar

I World cup rulleski / VM rulleski hadde vi ein utøvar med.

Resultatene som følger er sesongen 2016 / 2017.

Krinsmeisterskap er frå 13 år, dei yngste går da renn som vanleg.

Krinsmeisterskap

KM KLASSISK

Jenter 13	Marie Mostraum	Gull
Gutter 13	Sondre Myking	Gull
Gutter 16	Elias Mostraum	Gull
Gutter 16	Torjus Refsnes	Sølv
Gutter 16	Jonatan Gjerstad Skjerping	Bronse
Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	4 plass
Menn 18	Yunus Reyhanoglu	5 plass
Menn Senior	Torbjørn Småland	7 plass
Menn Senior	Eirik Brakvatne Mjelde	9 plass
Menn Senior	Johnny Mostraum	10 plass

KM FRITEKNIKK

Jenter 13	Marie Mostraum	Gull
Gutter 13	Sondre Myking	5 plass
Gutter 16	Elias Mostraum	Sølv
Gutter 16	Torjus Refsnes	Bronse
Gutter 16	Jonatan Gjerstad Skjerping	4 plass
Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	Bronse
Menn Senior	Eirik Tvedt Aastvedt	Bronse
Menn Senior	Eirik Brakvatne Mjelde	5 plass
Menn Senior	Torbjørn Småland	6 plass

KM STAFETT

Gutter 13 – 16	Elias Mostraum Marie Mostraum Torjus Refsnes	GULL
----------------	--	------

Ungdommens Holmenkollrenn

FRITEKNIKK DISTANSE

Jenter 13	Marie Mostraum	3 plass
Gutter 13	Sondre Myking	78 plass

KLASSISK DISTANSE

Jenter 13	Marie Mostraum	10 plass
Gutter 13	Sondre Myking	77 plass

Hovedlandsrennet

FRITEKNIKK, DISTANSE 7,5 KM

Gutter 16	Torjus Refsnes	25 plass
Gutter 16	Elias Mostraum	32 plass

KLASSISK SPRINT

Gutter 16	Torjus Refsnes	23 plass
Gutter 16	Elias Mostraum	34 plass

Norgescup junior på Nes

KLASSISK DISTANSE 10 KM

Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	153 plass
---------	-------------------------	-----------

FRITEKNIKK DISTANSE 10 KM

Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	158 plass
---------	-------------------------	-----------

SPRINT FRITEKNIKK

Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	158 plass
---------	-------------------------	-----------

Norgescup junior på Voss

FRITEKNIKK 10 KM

Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	157 plass
---------	-------------------------	-----------

KLASSISK DISTANSE 10 KM

Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	151 plass
---------	-------------------------	-----------

SPRINT FRITEKNIKK

Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	134 plass
Menn 18	Yunus Reyhanoglu	161 plass

NM junior Harstad

FRITEKNIKK 15 KM

Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	143 plass
---------	-------------------------	-----------

KLASSISK DISTANSE 10 KM

Menn 18	Anders Brakvatne Mjelde	143 plass
---------	-------------------------	-----------

Norgescup senior på Sjusjøen

FRITEKNIKK 15 KM

Menn Senior	Eirik Aastvedt	169 plass
-------------	----------------	-----------

KLASSISK DISTANSE 15 KM

Menn Senior	Eirik Aastvedt	154 plass
-------------	----------------	-----------

NM / Senior på Lygna

SPRINT FRITEKNIKK

Menn Senior	Sigurd Braathen Reigstad	99 plass
-------------	--------------------------	----------

Norgescup senior på Nes

FRITEKNIKK 30 KM

Menn Senior	Eirik Aastvedt	135 plass
-------------	----------------	-----------

SPRINT KLASSISK

Menn Senior	Eirik Aastvedt	130 plass
-------------	----------------	-----------

NM del 2 / Gålå

50KM KLASSISK

Menn Senior	Eirik Aastvedt	148 plass
Menn Senior	Øyvind Brakvatne Mjelde	154 plass

Krinscupen / Hordaland

Krinscupen gjeld i årsklasse frå 13 år til og med 19 / 20 år. Samanlagt resultat, her tel både plassering og antal renn.

Jenter 13	Marie Mostraum	1 plass
Gutter 13	Sondre Myking	1 plass
Gutter 16	Elias Mostraum	1 plass
Gutter 16	Torjus Refsnes	2 plass
Gutter 16	Jonatan Gjerstad Skjerping	3 plass
Gutter 18	Anders Brakvatne Mjelde	2 plass
Gutter 18	Yunus Reyhanoglu	7 plass

RULLESKI

Blinkfestivalen

Marie Mostraum, Torjus Refsnes, Jonatan Gjerstad Skjerping, Elias Mostraum og Anders Brakvatne Mjelde representerte skigruppa under Blinkfestivalen. Dei gjekk langløp, det tøffe motbakkeløpet Lyseboten opp og sprint inne i Sandnes. Her nådde Marie helt til finalen og vart nr 7.

World Cup rulleski / VM rulleski

Sigurd Braathen Reigstad har delteke i 4 verdenscuper for seniorar denne sesongen. Beste plassering var ein 4 plass i sprint, han har også deltatt i langløp i verdenscupen. Sammenlagt i verdenscupen vart han nr 6 totalt.

Sigurd var også tatt ut til å representere Norge i VM på rulleski i Sollefteå i Sverige. Der deltok han i sprint og vart nr 7.

INNTEKTER

Inntektene er som vanleg også dette året frå sponsorar, draktreklame, stønad frå idrettsrådet. Dugnader og ikkje minst den årlege skibasaren som mødrene til løparane driv. Arrangert for 7 gong i 2017. Ein stor takk til alle sponsorane våre og til dei som er med og arrangerer basar og andre dugnader.

Midlane til idrettsrådet vert nytta til det dei er tiltenkt og er svært verdifulle for skigruppa.

SLUTTORD

Styret vil med dette takke grunneiarar, sponsorar og samarbeidspartnarar for eit svært godt samarbeid i 2017. Dette medfører at me kan gje alle som har interesse for langrenn, turgåing og rekreasjon eit godt produkt og tilbod heile året.

Styret vil også takke dei fem trenerane våre som gjer ein veldig god og viktig jobb. Tusen takk Eirik Brakvatne Mjelde, Lars Braathen Reigstad, Johnny Mostraum, Torbjørn Småland og Emil Hosøy. Dere er helt unike og gjer eit fantastisk dugnadsarbeid.

Løypekjøring vart i fjor utført med skigruppa sin eigen traktor med skjeldalsfres. Anders Flæsland og Øystein Aasheim var sjåførar. Tusen takk for flott dugnadsarbeid Anders og Øystein.

Anders Flæsland har også brukt mye tid på vedlikehald og reparering av traktoren. Tusen Takk Anders.

Osterøy IL / Styret

Valestrandsfossen 15.02.18

Styret